



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE
– Hovedkontor
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Hilde Gunn Stenseth / 56520207 16/182958-2 201005093-10 12.04.2017

Statens vegvesen sine merknader til søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i Voss kommune – Urdlandselvi kraftverk, Storagroe kraftverk, Haugamoen kraftverk, Togrovi kraftverk, Bjørndalen kraftverk, Tverrelvi kraftverk og Kleivelvi kraftverk

Viser til oversending frå dykk.

Statens vegvesen har ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegane og tilhøyrande ferjesamband. Vi har og ansvar for tilsyn med trafikantar og køyretøy. Trafikksikring og miljø er viktige satsingsområde i arbeidet vårt.

Statens vegvesen uttaler seg med bakgrunn i rollen som vegadministrasjon for fylkeskommune i fylkesvegsaker, samt statleg fagorgan med sektoransvar for samordna areal- og transportplanlegging, trafikktryggleik, kollektivtrafikk, tilrettelegging gåande og syklande, universell utforming og miljøulemper knytt til veg- og vegtrafikk.

Alle desse kraftverka knytter seg til vegsystemet Statens vegvesen forvaltar via fylkesvegane: Fv. 307, Fv. 310 og Fv. 313.

Statens vegvesen minner om at alle tiltak og alt arbeid langs fylkesvegar og riksvegar må søkjast om særskild. Dette gjeld tilkomst, byggegrens, graveløyve m.m. For arbeid i og langs veg skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan som må sendast Statens vegvesen for handsaming og godkjenning.

Statens vegvesen har ingen fleire kommentarar til konsesjonssøknadane i denne omgang. Me føreset at alle tiltak vert søkt om særskild der dette er påkravd.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Stenseth Hilde Gunn
Senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS